

# Vekeplan 10. trinn

# Veke 40 og 42

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
<b>Norsk</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Vita kva som kjenneteikner ei novelle</li><li>• Vita korleis eit manus ser ut</li></ul>
<b>Engelsk</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Lesa, skriva og snakka om å ta val</li><li>• Reflektera kring det å ta val</li><li>• Snakka om utdanning og karriere</li><li>• Bruka verb i futurum (framtidssform)</li><li>• Bruka skrivestrategiar</li></ul>
<b>Matematikk</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Rekning med ulike algebraiske uttrykk</li><li>• Faktorisering av ulike algebraiske uttrykk</li><li>• Faktorisering og forkorting</li><li>• Kvadratsetningane</li><li>• Likningar proporsjonar og likningssett</li><li>• Utforsking og problemløysing</li></ul>
<b>Samfunnsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Gjera greie for nokre sentrale lovar</li><li>• Kjenna til ulike formar for kriminalitet</li></ul>
<b>KRLE</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Vita kven Paulus var og kvifor han er viktig for kristendommen</li><li>• Kunna vise ulike syn på Bibelen</li><li>• Presentera viktige trekk ved de store kristne trussamfunna</li></ul>
<b>Naturfag</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Gjere greie for produksjon, transport og lagring av energi</li><li>• Gjere greie for og vurdere brensel som energikjelder og energiberarar</li><li>• Forklare nokre vanlege produksjonsmetodar og elektrisk energi</li></ul>
<b>Spansk</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Å snakka om ein vanleg dag på spansk</li><li>• Forstå og ta i bruk refleksive verb</li></ul>
<b>Tysk</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Presens perfektum- kunna forklara og bruka</li></ul>
<b>Eng fordj</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Gjera greie for eit engelskspråkleg land</li></ul>
<b>Arbeidslivsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kunna planleggja praktiske og yrkesretta arbeidsoppdrag</li><li>• Kunna produsera og levera varer og teneste etter kvalitetskrav</li></ul>

<b>Kroppsøving</b>	<p><b>Friidrett/uthald:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar</li> <li>• Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar</li> </ul> <p><b>Symjing:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Forstå og gjennomføra livreddande førstehjelp</li> </ul> <p><b>Innsats:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Praktisera innsats ved å bruka egne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre</li> <li>• Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra din eigen fysiske kapasitet og samarbeida med andre</li> </ul>
<b>K&amp;H</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• kunna bruka ulike verktøy og materiale på ein formålstenleg og miljømedviten måte</li> <li>• kunna vurdere haldbarheita til materialet</li> </ul>
<b>Musikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppleva progresjon i arbeidet med å spela eit instrument i band, 12-takters blues i A.</li> </ul>
<b>Utdanningsval</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bli kjend med nettsida vilbli.no. Forstå sentrale omgrep i vgs.</li> </ul>
<b>Kantine</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Læra å planleggja og gjennomføra matproduksjon for sal</li> <li>• Læra om marknadsføring av produkt for sal</li> <li>• Læra om budsjett</li> </ul>
<b>Design</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• kunna utarbeida idear og løysingsalternativ og vidareutvikle dei til egne produkt</li> <li>• kunna bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale</li> </ul>
<b>Olweus</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Klassemiljø og psykisk helse</li> </ul>

## INFORMASJON TIL HEIMEN

### Utdanningsval

I førre veke var det Utdanningsval med besøk på vgs, diverse turar, idrettsprosjekt og mange elevar var i arbeidspraksis. Me håper elevane fekk nyttige erfaringar! På tysdag er det siste UTV-dag, der nokre skal til Bryne vgs og resten av gjengen skal ha skriveøkt på skulen. Det vil bli litt etterarbeid frå UTV i nokre av faga, og elevane jobbar vidare med

UTV i fagtimane fram til veke 3 med Erling Knutzen. Det kan vera lurt å snakka med elevane heime om kva erfaringa dei har gjort seg, og om dei har begynt å tenkja på kkva dei vil søkja på til neste skuleår.

### Psykisk helsedag

På fredag er det "Verdsdagen for psykisk helse", og me skal ha ei felles markering for heile skulen. Temaet dette året er: # Lag plass. I 4.-6. time vil elevane få ein konsert, ein aktivitet og eit føredrag. I tillegg vil det vera små drypp med temaet i løpet av veka i klassane.

4. time: konsert i Møllekjellaren Silje Sandanger

5. time: valfri aktivitet; klatring, Jiujitsulab, vera kreativ, yoga, aktivitet i gymsalen eller hip hop.

6. time: eit valfritt føredrag

- "Oppmerksamt nærvær", Familiesenteret

- "Kropp og helse", Vibeke Liltand ROS (rådgjeving for spiseforstyringar)

- "Sosiale medie", Gustav Grastveit (Politiet)

- "Er det fagleg å rusa seg?", Ungdomsteamet

- "Sunn fornuft", Erling Knutzen

### Kino

Torsdag 19. Oktober er me så heldige at me skal få gå på kino: "Sulis 1907"

### Elev- og utviklinssamtalane

I veke 42- 44 skal lærarane gjennomføra elevsamtalane. Etter dette vil det vera utviklingssamtalar i veke 45-47

### Hautferie

I veke 41 er det haustferie! Me ønskjer alle ei herleg veke fri!

Helsing oss på 10.trinn

HEIMEARBEID VEKE 40	
Norsk	Les 3x20 min i boka di. Hugs å oppdatera ON under "Bøker eg har lese".
Engelsk	Sjå denne <a href="#">videoen</a> og skriv 3 setningar (på engelsk) om kvifor vi snakkar fortsatt om Shakespeare 400 år seinare.  10B – presentasjonar på måndag, sjå teams- oppgåve. Ver godt førebu.
Matematikk	I oppgåveboka s. 10-11: 1.109, 1.111, 1.112.
Samfunnsfag	Les: <a href="#">Normer, lovar og lovbrøt @ Aunivers</a> , s 12-14 i boka. Svar på "Diskuter" oppgåvane nedst i artikkelen, Skriv på Onenote

<b>Naturfag</b>	Les s. 193-197 Forklar og gi eksempel på omgrepa energisystem, energikjelder, energiberarar. Kva er skilnaden på ei energikjelde og ein energiberar?
<b>Spansk</b>	Førebu deg til prøve på torsdag. Målark finn du på ON.
<b>Tysk</b>	Skriv setningar i perfektum med desse verba: lesen, schreiben, trinken, essen, finden, nehmen, sprechen, essen. Høyr på sangen «Romanze im Perfekt» på YouTube .
<b>Eng fordj</b>	Skriveøkt på torsdag
<b>Kroppsøving</b>	<b>Frøidrett/Uthald:</b> Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera ute. <b>Symjing:</b> Partallsveker:10AC. Oddetallsveker: 10BD
<b>Utdanningsval</b>	Finn ut kva som er skilnaden på fellesfag, felles programfag og valfrie programfag. Finn ut kva desse faga heiter på Vg1 for to utdanningsprogram som du vel sjølv. Bruk vilbli.no. Skriv på ON/08UTV/Eige område.
<b>Musikk</b>	Dersom du og lærar opplever at du oppnår lite framgang på ditt instrument og i samspel med dei andre i musikktimeane, må du øve heime eller i aula i matfriminuttet eller etter skuletid. Gjer i så fall avtale med musikk lærar om dette. Du får ikkje framgang utan 1000 repetisjonar, dvs hardt arbeid.
<b>Kantine</b>	Møt i klasserommet til 10B
<b>Friluftsliv</b>	Tur i nærmiljøet – sporlaus ferdsel og allemannsretten

<b>HEIMEARBEID VEKE 42</b>	
<b>Norsk</b>	Les 3x20 min i boka di og registrer sidetalet hos norsklæraren din.
<b>Engelsk</b>	Du skal lese inn ein tekst og setje på plass omgrep i ein tabell. Sjå OneNote-Heimearbeid-Veke 42.
<b>Matematikk</b>	I oppgåveboka s. 12-14: 1.114, 1.115, 1.116, 1.117.
<b>Samfunnsfag</b>	Les desse to artiklane: <a href="#">Kriminalitet før og no @ Aunivers</a> <a href="#">Kvifor blir enkelte kriminelle? @ Aunivers</a> I boka side:15-21 Svar på “Finn svaret” i siste artikkel eller side 21. Skriv på onenote.
<b>Naturfag</b>	Les s. 198-202 Kvifor kan ein seie at brensel er både energikjelder og energiberarar? Gjer oppgåve 6 a og b s. 214
<b>Spansk</b>	Diktat på spansk på torsdag. Øv på teksten nederst på s. 40 i Gente textos
<b>Tysk</b>	Les.131 i boka og forklar korleis presens perfektum blir dannakom med ulike døme -bruk haben og sein som hjelpeverb
<b>Eng fordj</b>	Oppgåva ligg på OneNote
<b>Kroppsøving</b>	<b>Frøidrett/Uthald:</b> Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera ute. <b>Symjing:</b> Partallsveker:10AC. Oddetallsveker: 10BD
<b>Utdanningsval</b>	Vis og forklar til ein vaksen heime kva du fant ut då du gjorde lekse i veke 40.
<b>Musikk</b>	Dersom du og lærar opplever at du oppnår lite framgang på ditt instrument og i samspel med dei andre i musikktimeane, må du øve heime eller i aula i matfriminuttet eller etter skuletid. Gjer i så

		fall avtale med musikk lærar om dette. Du får ikkje framgang utan 1000 repetisjonar, dvs hardt arbeid.
<b>Friluftsliv</b>		Tur i nærmiljøet-sporlaus ferdsel

**Bryne ungdomsskule** 